



Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Dato: 26.04.2019
Vår ref.: 2019/10319-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykker ref.: 19/685 - 19/7454

Kulturminnafagleg fråsegn - Søknad om bygging av landbruksveg - Kveldsolsvegen – gnr. 37 bnr. 4 og 5 - Søre Ådland - Meland kommune

Me viser til brev datert 02.04.2019 med tilhøyrande vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg/traktorveg i vegklasse 8 på ca. 50 meter. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at me har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.